Området ligg i Setesdal Austheii villreinområde, sjå vedlegg 7 (2 kart). Det er innteikna 3 reinsdyrtrekk som også kryssar FV401 nord for kraftverksområdet. Me har ikkje grunn til å tru at det omsøkte tiltaket vil påverke dette trekket.

Det blir drive elgjakt, og det er også innslag av rådyr og hjort i området. Det er ikkje registrert som spesielt viktig viltområde.

3.7 Akvatisk miljø

Det akvatiske miljøet er ikkje spesielt undersøkt. Vassprøver i Brutjønn sommaren 1977 viste ein pH på mellom 4,82 og 5,02 og eit sulfatinnhald på rundt 3 mg/l. På 21 garnnetter med bruk av SNSF-serien (moskevidder frå 10 til 46 mm) blei det fanga 11 fiskar fordelt på 2 årsklassar (Kiland 1978). I 2004 utførte Birtedalen fiskelag prøvefiske i Tovsløyttjønn og fekk 99 aurar og 3 bekkerøyer på ein utvida Jensenserie. Fiskebestanden var tydeleg altfor tett, og fisken stagnerte i vekst ved 5 års alder og ei lengde på ca 20 cm (Kiland 2004).

Frå tidleg på 1990-talet har fleire av vatna i Birtedalen vore kalka. Sidan 2009 har kalkingsinnsatsen blitt sterkt redusert og er nå avgrensa til Sandvatn og Birtevatn (Fylkesmannen i Telemark 2013).

Det blei under feltarbeidet til Faun Naturforvaltning 16. juni 2015 observert fisk (aure) fleire stader i elva mellom Sandane og møtet med Tovslåne (frå Birtevatn). Det finst ikkje elvemusling, ål, anadrome artar eller populasjonar av storaure i denne delen av Telemark. I Brutjønn er det bare registrert vanleg aure.

3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag

Tiltaket ligg i område som er med i verneplan for vassdrag. Sjå kart på vedlegg 3 s. 10. Vassdraget ned til Nesvatn er varig verna mot kraftutbygging i verneplan III (1986). Som grunnlag for vernet er det nemnt delvis urørt natur, elvar og vatn som viktig del av landskapet, viktige friluftsinnteresser og store

kulturminneverdiar (www.nve.no). I NOU 1983:42 er det gitt ein generell omtale av objekt 51 Området vest for Fyresvatn.

Tiltaket ligg innanfor eksisterande reguleringsplanar for hytteområde. Grunneigar her (16/1) er også grunn-/ felleigar for Nye Gjøv kraftverk, som me har intensjonsavtale med.

Området sør og aust for kraftverket ligg utanfor verneplanen.

Tiltaket ligg ikkje i nasjonale laksevassdrag.

3.9 Konsekvensar for landskapet

Landskapet tilhøyrrer landskapsregion 5.5 Skog og heibygdene på Sørlandet og i Telemark Landskapet er kjenneteikna av blandingsskog, fleire små og veldefinerte landskapsrom og mange mindre og ofte avsidesliggande gardsbruk.

Elva nedanfor Birtedalsvegen renn relativt roleg, med ein del mindre stryk og fleire rolegare loner. Nedanfor Brutjønn er det eit par fossar. Fleire stader deler elva seg i fleire løp. Nede ved Sandane der kraftstasjonen er tenkt bygd vidar landskapsromet seg ut mot Tovsløytjønn. Den dominerande eksposisjonen er sørvendt og austvendt. Landskapet er roleg og utan dramatiske landskapselement.

I dag er det eit mikrokraftverk (Gjøv) som nyttar elvestrekninga frå Brutjønn til FV401 Birtedalsvegen. Dette kraftverket er ikkje pålagd minstevassføring, men slukeevna til kraftverket er liten (60 l/s), slik at det vanlegvis er vassføring i elva. Etter at Nye Gjøv blir bygd, vil det vera minstevassføring, men meir av vassføringa vil sjølvsagt gå i tilløpsrøret. Verknaden på landskapet vurderer me til liten.

Inntaksdammen vil bare bli endra i liten grad for å kunne tappe minstevassføringa.

Inntaksarrangementet elles vil også bare bli endra i den grad det er naudsynt for å kunne ta imot den auka slukeevna. Rørtraséen vil ikkje gje nokon varig synleg effekt i landskapet, då den vil bli grave ned heile vegen. Kraftstasjonen vil bli plassert ved Sandane og vil bli synleg, men ikkje dominerande frå hytteområdet.

Tiltaket vil ikkje redusere omfanget av inngrepsfrie naturområde (INON).

3.10 Kulturminne og kulturmiljø

Dei kulturminna som er registrert under feltarbeidet er alle etter fløyting av tømmer. Det er skådammar av ulike slag som er bygd for å syte for at tømmeret ikkje køyrde seg fast i elva. Nokre av dammane er bygde av kila steinblokkar, medan andre er bygde av stein som er teke frå elva. Enkelte stader har det vore bruka stokkar bolta fast i fjellet for å leide tømmeret på rett veg.

3.11 Reindrift

Ikkje aktuelt

3.12 Jord- og skogressursar

Det blir ikkje negative verknader av tiltaket med omsyn på jord- og skogressursane. Ovanfor FV401 blir grøfter og toppsjikt tilbakeført til opprinneleg stand. Nedanfor FV401 vil tilkomsten til kraftstasjonen også kunne brukast for utnytting av skogressursane.

3.13 Ferskvassressursar

Elva blir i liten grad brukt som drikkevasskjelde med unntak av hyttene i området (sjå vedleg 2) som hentar vatn frå Brutjønn og i elva. Det er ikkje vatningsanlegg eller annan næringsmessig bruk av vatnet frå elva.

Sidan rørtraséen ikkje fylgjer elveleiet, vil elva bli lite påverka i anleggsfasen.

Elles kan me ikkje sjå at utbygginga vil påverke ferskvassressursane, men redusert vassføring vil sjølvsagt endre tilhøvet for bading og fiske noko, sjå under neste punkt.

3.14 Brukarinteresser

Fisket i vassdraget med Tovsliåne frå Birtevatn og Tverråa frå Brutjønn og ned til Nesvatn er med i Birtedalen fiskelag som sel fiskekort gjennom Fyresdal fiskefond. Fyresdal fiskefond er eit felles fiskekorttilbod for heile Fyresdal der Fyresdal er delt i 5 fiskekortområde. Birtedalen er eit av desse 5 områda. Dei som vil fiske kan kjøpe fiskekort for anten heile kommunen eller for eitt eller fleire fiskekortområde. Eit heilårs fiskekort for heile Fyresdal kostar i dag 400 kr og for ei veke 200 kr. For bare Birtedalen er tilsvarande pris kr 100 for ei veke og kr 200 for eit heilt år. Fiskekorta kan kjøpast på nett gjennom Inatur eller på mobil gjennom Inatur eller SMS Pass. Dei kan også kjøpast i sportsforretninga i Fyresdal.

På 1970 og 1980-talet var fisket svært dårleg i mange vatn på grunn av sur nedbør. I Nesvatn blei det derfor sett ut bekkerøye fordi den syntest å greie seg noko betre i surt vatn enn aure. Men under heile den suraste perioden var det framleis vatn der det ennå fanst fisk, og da som regel stor fisk. Sett i høve til situasjonen elles i Fyresdal var Birtedalen eit av dei meir attraktive områda. Det er det framleis, og 40 – 50 % av omsetninga i Fiskefondet stammar frå Birtedalen fiskeområde. Det gjev rundt 30 000 kr som årleg inntekt til fiskelaget i Birtedalen.

Tovsliøytjønn har dei siste åra vore prega av at det er for mykje fisk, som dermed blir småfallen og av dårleg kvalitet. Det gjeld nok til dels også i den delen av vassdraget som blir regulert med Nye Gjøv kraftverk. I Brutjønn har det vore gjennomført tynningsfiske gjennom fleire år, og rapportane i frå fisket her tyder på at kvaliteten på fisken her er god.

Området mellom Brutjønn og Sandane er ikkje mykje brukt som turområde. Sjølv sagt er det brukt som turområde for hyttene i nærleiken (sjå vedlegg 2), men turområdet i Birtedalen er i hovudsak innanfor (vestanfor) tiltaksområdet. Dei tilrettelagde skiløypene ligg også der.

Etter utbygging vil det bli betre tilgang til kraftstasjonsområdet og området aust for kraftstasjonen, sidan det blir bygd veg frå Birtedalsvegen til Sandane.

3.15 Samfunnsmessige verknader

Tiltaket vil ha positive samfunnsmessige verknader p.g.a. auka aktivitet i byggefasen og verdiskaping i driftsfasen. Kan ikkje sjå at denne utbygginga har eit omfang som skulle tilseie nokon negative verknader for lokalsamfunnet med unntak av den noko reduserte vassføringa i elva som kraftverket er årsaka til.

3.16 Kraftliner

Distribusjonsnett (22 kV) i området vil kunne ta imot kraft frå Nye Gjøv Kraftverk. Frå kraftstasjonen vil tilknytinga skje via ein 700 meter lang jordkabel. Melding frå VTK ligg ved som vedlegg 8.

3.17 Dam og trykkrør

Inntaksdammen er ein eksisterande betongdam. Denne er i klasse 0.

Trykkrøret vil ikkje gjera større skade ved ev. rørbrot og er også søkt i klasse 0.

3.18 Samla vurdering

Tema	Konsekvens	Søkjar/konsulent vurdering
Vasstemp., is og lokalklima	<i>liten negativ</i>	<i>konsulent/søkjar</i>
Ras, flaum og erosjon	<i>ingen</i>	<i>søkjar</i>
Ferskvassressursar	<i>liten negativ</i>	<i>konsulent</i>
Grunnvatn	<i>ingen</i>	<i>søkjar</i>
Brukarinteresser	<i>positiv</i>	<i>søkjar</i>
Raudlisteartar	<i>liten negativ</i>	<i>konsulent</i>
Terrestrisk miljø	<i>liten negativ</i>	<i>konsulent</i>
Akvatisk miljø	<i>liten negativ</i>	<i>konsulent</i>
Landskap og INON	<i>ingen</i>	<i>søkjar</i>
Kulturminne og kulturmiljø	<i>liten negativ</i>	<i>konsulent/søkjar</i>
Reindrift	<i>ingen</i>	<i>søkjar</i>
Jord og skogressursar	<i>liten positiv</i>	<i>søkjar</i>

3.19 Samla belastning

Samla er det vurdert at konsekvensen av tiltaket er «liten verdi» med «lite negativt omfang», jfr. Vedlegg 3 , figur 12 på side 17.

Som det går fram av søknaden fører utbygging av Nye Gjøv kraftverk til små inngrep i ei godt tilrettelagt utbygging, der ulempene vil vera små. Samla sett meiner me difor at utbygging av Nye Gjøv Kraftverk tvillaust er meir til gagn enn skade.

4 Avbøtande tiltak

Rørtraséen vil bli godt gøymt i terrenget og gro raskt igjen der den går i utmark. Frå Fylkesveg 401 vil rørtraséen fylgje ny vegtrasé til nytte for grunneigar og andre.

Det viktigaste tiltaket vil vera slepp av minstevassføring og ein slukeevne i kraftverket som fører til at over 50 % av vassføringa ut av Brutjønn vil gå i elva.

Utforming av inntak, rørtrasé og kraftstasjon vil bli gjort på ein slik måte at skadeverknadene blir så små som råd (sjå. punkt 2.2).

5 Referansar og grunnlagsdata

Grunnlaget for søknaden bygger i hovudsak på grunnlagsdata som fylgjer av NVE-Kostnadskatalog, NVE-Atlas, NVE-notat ref NVE200602335-2, Statens kartverk (kart og eigedomsinformasjon), samt informasjon som fylgjer av vedlegga.


6 Vedlegg til søknaden

1. Oversiktskart over Sør-austnoreg, delar av Fyresdal kommune og kart med nedbørfelt 019.C* innteikna (REGINE, NVE-Atlas)
2. Detaljert kart i målestokk 1: 5000 over utbyggingsområdet som viser inntak, rørtrasé, kraftstasjon, kraftkabler, vegar, eigedomsgrensar, med meir.
3. Temarapport om biologisk mangfald og kulturminne. Faun Naturforvaltning.
4. Eigedomstilhøve og eigaroversikt.
5. Notat med teknisk/ økonomisk vurdering.
6. Faktaark frå VannNett for vassførekomst 019-545-R Elv frå Brutjønn (i Vann-nett kalla Ufsvatn, regulert utløpselv) og 019-284-R Birtevatn, utløpselv.
7. Kart over Setesdal Austhei villreinområde. Norsk villreinsenter sør og detaljkart 1 : 50 000 over Setesdal Austhei villreinområde i Birtedalen.
8. E-post frå VTK vedkomande linjetilknyting.



Vest-Telemark Temakart

Vedlegg 1 A




Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i denne grenseinformasjonen. Ved manglende matrikkelenhetsgrenser beregnes areal ut fra vilkårlige hjelpelinjer eller vannkanter. Hvis hjelpelinjer er brukt i arealberegningen vil dette komme fram i arealmerknaden.




Vest-Telemark Temakart

Vedlegg 1 B



Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestillast skriftleg hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i denne grenseinformasjonen. Ved manglende matrikkelenhetsgrenser beregnes areal ut fra vilkårlige hjelpelinjer eller vannkanter. Hvis hjelpelinjer er brukt i arealberegningen vil dette komme fram i arealmerknaden.

Vedlegg 2



Vest-Telemark Kraftlag AS

Nye Gjøv Kraftverk

Målestokk 1:5000


Dato: 2017.05.26



Setesdal Austhei villreinområde

1:50000

01.06.2017



Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i

Faun rapport 012-2015

Oppdragsgjevar: Vest-Telemark Kraftlag AS

Nye Gjør kraftverk

Biologisk mangfald og kulturminne

Føreord

Denne rapporten er laga på oppdrag frå Vest-Telemark kraftlag AS. Kontaktpersonen der har vore Aslak Ofte.

Rapporten, som er laga etter mal frå NVE-veileder nr 3/2009 gjeld i fyrste rekke biologisk mangfald men også kulturminne. Ut i frå eiga feltsynfaring og eksisterande data er det gitt ei fagleg vurdering av dei verknadene utbygginga kan få for biologisk mangfald i området.

Helge Kiland, Faun Naturforvaltning AS har synfart området i felt. Han er godt kjent i området frå tidlegare arbeid med fiskeforvaltning og sur nedbør. Kiland er utdanna naturforvaltningskandidat frå NLH og har arbeidd mykje med biologisk mangfald, fisk og vassdragsmiljø. Han har også kurs i registrering av kulturminne i utmark og eksamen i energirett. Leiv Birger Tovslid i Birtedalen er spurt om den gamle kraftstasjonen og andre kulturminne.

Oppdragsgjevar og Fylkesmannen i Telemark, Miljøvernavdelinga ved Odd Frydenlund Steen og Trond Erik Silsand er spurde om tilgjengeleg bakgrunnsinformasjon.

Fyresdal den 22.6.2015, revidert 6.6.2018



Helge Kiland

Faun rapport 012-2015:

Tittel:	Nye Gjøv kraftverk. Biologisk mangfald og kulturminne
Forfatter:	Helge Kiland
ISBN	978-82-93373-19-3
Tilgang:	Avgrensa tilgang
Oppdragsgjevar:	Vest-Telemark Kraftlag AS
Prosjektleder:	Helge Kiland
Prosjektstart:	10.6.2015
Prosjektslutt:	20.6.2015
Revidert	6.6.2018
Emneord:	Utbyggingsplan for minikraftverk, verneplan for vassdrag, biologisk mangfald, naturtypar, raudlisteartar, kulturminne, vurdering av verdi og -konsekvensar, framlegg til avbøtande tiltak
Samandrag:	Norsk
Dato:	18.6.2015/6.6.2018
Tal sider:	26 med vedlegg

Kontaktopplysningar Faun Naturforvaltning AS:

Post:	Fyresdal Næringshage 3870 FYRESDAL
Internett:	www.fnat.no
E-post:	post@fnat.no
Telefon:	35 06 77 00
Telefaks:	35 06 77 09

Kontaktopplysningar forfatter:

Namn:	Helge Kiland
E-post:	hk@fnat.no
Telefon:	35 06 77 03/916 32 615
Telefaks:	35 06 77 09

Innhold

Samandrag.....	4
1 Innleiing	5
2 Utbyggingsplanar og influensområde	6
2.1 Utbyggingsplanar	6
2.2 Influensområdet.....	7
3 Metode.....	11
3.1 Eksisterande datagrunnlag.....	11
3.2 Verktøy for kartlegging og verdi- og konsekvensvurdering	11
3.3 Feltarbeid.....	11
4 Resultat.....	12
4.1 Kunnskapsstatus	12
4.2 Naturgrunnlaget.....	13
4.2.1 Klima.....	13
4.2.2 Berggrunn.....	13
4.2.3 Kvartærgeologi.....	13
4.2.4 Landskap	14
4.2.5 Hydrologi	16
4.2.6 Kunstig påverknad.....	16
4.3 Raudlisteartar	17
4.4 Terrestrisk miljø	18
4.4.1 Verdifulle naturtypar	18
4.4.2 Karplantar, mosar og lav	18
4.4.3 Fuglar og pattedyr	18
4.5 Akvatisk miljø.....	18
4.6 Samla verdi.....	19
4.7 Kulturminne	19
5 Verknader av tiltaket	21
5.1 Omfang og konsekvens	21
5.1.1 Vassføring	21
5.1.2 Biologisk mangfald	21
5.1.3 Kulturminne	22
5.1.4 Oppsummering.....	22
6 Avbøtande tiltak	23
7 Uvisse.....	23
8 Kjelder.....	25
Vedlegg	26

Samandrag

Bakgrunn

Gjøv kraftverk nyttar i dag fallet på 26 m frå Brutjønn i eit mikrokraftverk på 0.095 MW. Vassdraget er varig verna mot vasskraftutbygging og Vest-Telemark kraftlag søker derfor om konsesjon til bygging av minikraftverk på 0,99 MW på Sandane nede ved Tovsløystjønn.

Utbyggingsplanar

Kraftstasjonen nede på Sandane er planlagt på kote 536. Kraftverket vil nytte det eksisterande inntaket til Gjøv kraftverk i Brutjønn på kote 603. Dette vil redusere vassføringa i Tverråne med om lag 48 % og i Tovslåne nede mot Sandane med 69 %. Den elvestrekningen som blir påverka er ca 1600 m lang.

Metode

NVE rettleiar 3/2009 - «dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (1-10 MW)» revidert utgåve, er nytta som mal for arbeidet.

Verknader på biologisk mangfald

Influensområdet er dominert av fattige vegetasjonstypar utan innslag av gammalskog eller mykje død ved. Området er også prega av tidlegare forsuringsproblem og vatnet er svært kalkfattig. Truga, sårbare eller særleg krevjande artar er ikkje påvist. Det blei observert fossefall 3 stader i elva. Elva er også rik på fisk (aure).

Redusert vassføring kan vera negativt for fisk og fossefall.

Den samla konsekvensen for biologisk mangfald er vurdert som **liten negativ**.

Kulturminne

Det er tidlegare funne kolgroper ved Brutjønn som ikkje vil bli påverka av kraftverket. I elva frå møtet med Tverråne finst det fleire skådammar og andre minne frå tømmerfløytinga. Dei vil ikkje bli direkte påverka av utbygging, men vassføring vil vera ein viktig del av den samanhengen desse kulturminna står i.

1 Innleiing

For småkraftprosjekt mellom 1 og 10 MW har Olje og energidepartementet stilt krav om ei registrering og vurdering av potensialet for biologisk mangfald. NVE har laga ein rettleiar og mal for slike rapportar (Korbøl mfl 2009).

Rapporten skal:

- Skildre naturverdiane i området
- Vurdere konsekvensane av tiltaket for biologisk mangfald
- Vurdere behov for og verknader av avbøtande tiltak

Under behandlinga av St.prp. 75 (2003-2004) om supplering av verneplan for vassdrag har Stortinget opna for konsesjonsbehandling av mini- og mikrokraftverk inntil 1 MW i verna vassdrag. Føresetnaden er at verneverdiane ikkje blir svekka ved utbygging. Olje og energidepartementet har derfor stilt krav om at registrering og vurdering av biologisk mangfald også skal utførast for minikraftverk i verna vassdrag.

Nye Gjøv kraftverk vil ligge nede ved Tovsløytjønn i Birtedalen, Fyresdal kommune. På veg ned frå Brutjønn og ned til Tovsløytjønn møter den aktuelle elvestrekningen, som her heiter Tverråna elva frå Birtevatn, som heiter Tovslåna. Fallet frå Brutjønn og ned til Birtedalsvegen har vore utnytta i eit kraftverk lokalt for Birtedalen som blei nedlagt rundt 1972. Stasjonsbygningen blei i 2006 ombygd til eit minikraftverk (Gjøv kraftverk).


2 Utbyggingsplanar og influensområde

2.1 Utbyggingsplanar

Inntaket til kraftverket vil ligge i inntaket til Gjøv kraftverk i enden av Brutjønn. Brutjønn var tidlegare regulert ca 1 m i samband med Birtedalen kraftverk. Brutjønn blir ikkje lenger regulert og det er heller ikkje vurdert noko regulering av vatnet med dei nye kraftverksplanane. Det blir bygd ny veg frå Birtedalsvegen og ned til kraftstasjonen. Vegen vil følgje rørgatetraseen. Fram til inntaksdammen kan ein nytte eksisterande veg til Brutjønn. Frå kraftverket vil det bli lagt kabel i rørgatetraseen fram til VTK si 22 kV line.

Tabell 1. Tekniske data for vassføring og anlegg.

Nedbørfelt 019.CEA, CEB og CEC	44,46 km ²	Inntak	603 moh
Nedbørfelt 019.CF	59,23 km ²	Kraftstasjon	536 moh
Spesifikk avrenning	32,5 l/s/km ²	Brutto fallhøgde	67 m
Middelvassføring	1,9 m ³ /s	Maks slukeevne	1,85 m ³ /s
Restvassføring Tverråne	1 m ³ /s	Diameter rør	1000 mm
Restvassføring før kraftstasjon	2,45 m ³ /s	Lengde rørgate	800 m
Venta årsproduksjon	4,24 GWh	Installert effekt	0,99 MW




Figur 1. Kart som viser rørgate, anleggsvegar, inntaksdam og kraftstasjon. Frå Vest-Telemark Kraftlag.

Kraftverket nyttar vatnet frå nedbørfeltet til Brutjønn. Tverråne vil ha ei gjennomsnittleg restvassføring etter utbygging på 1,0 m³/s. Bidraget frå Tovslåne overfor åmøtet er 1,45 m³/s. Åa like overfor kraftverket vil derfor ha ei gjennomsnittleg restvassføring på 2,45 m³/s (1,0 + 1,45 m³/s).

2.2 Influensområdet

Som influensområde reknar ein i tillegg til elva ei sone på ca 100 m til kvar side. I tillegg kjem rørgatetraseen frå inntaksdam til kraftstasjon.



Figur 2. Influensområde avgrensa med raud stipla line.



Figur 3. Frå rørgatetraseen. Mykje røsslyngmark og bart fjell i øvre del av traseen, på oppsida av Birtedalsvegen.



Figur 4. Frå traktorvegen som rørgata vil følgje etter å ha kryssa Birtedalsvegen. Her er det meir blåbærmark.



Figur 5. Frå kraftstasjonsområdet ved Sandane, åa nedstraums kraftstasjonen, mot Tovsløytjønn.



Figur 6. Åa oppstraums stasjonsområdet.



Figur 7. Sporlogg for Helge Kiland 16.6.2015. Skådammar er innlagt med vegpunkt wp 694 – 699. Fleire stader ligg skådammane på både sider av elva eller på motsett side.

3 Metode

3.1 Eksisterande datagrunnlag

Naturtypar og eksisterande og føreslegne verneområde, verna vassdrag og kulturminne er lagt inn i Naturbasen (www.naturbase.no). Artsdata synes i mindre grad å vera lagt inn. Artsdata for fleire kommunar i Telemark er kvalitetssikra av Faun Naturforvaltning på oppdrag frå Fylkesmannen i Telemark, og ein har derfor hatt tilgang til dette materialet. Det er også søkt i Artskart (www.artskart.no), der alle registrerte artar etter kvart er lagt inn. I tillegg er det også gjort søk i Artsobservasjoner (www.artsobservasjoner.no), som inneheld observasjonar fram til dags dato. Dei observasjonane er ikkje kvalitetssikra. Område med viktige livsmiljø i skog kan hentast frå Skog og landskap (www.kilden.no). Kjemiske og biologiske data for vatn er henta frå www.vannmiljo.no. Informasjon om vassstype, karakterisering og påverknad er elles henta frå www.vann-nett.no. I www.kulturminnesok.no er det søkt etter arkeologiske kulturminne og andre kulturminne.

3.2 Verktøy for kartlegging og verdi- og konsekvensvurdering

Som grunnlag for vurdering av verdifulle naturtypar er det nytta DN handbok 13 (2007) og 15 (2000). Handbok 140 (Statens vegvesen 2006) er nytta som metodegrunnlag for å vurdere verdiar og ringverknader for biologisk mangfald. Det er elles gjort bruk av oppdatert raudliste for truga artar (Henriksen og Hilmo 2015) og truga naturtypar (Lindgaard og Henriksen 2011). Rapporten følgjer malen som er gitt i rettleiar frå NVE (Korbøl, Kjellevold og Selboe 2009).

3.3 Feltarbeid

Området er undersøkt 16. juni 2015 under gode tilhøve, med kjøleg men skyfritt vær. Vassføringa var omlag middels stor. Fyrst blei elva følgt opp frå den gamle kraftstasjonen til Brutjønn. Deretter følgde ein den planlagde rørgatetraseen, som etter å ha kryssa Birtedalsvegen følgjer ein gammal traktorveg ned til Sandane oppe i enden av Tovsløytjønn. Vegen tilbake følgde åa på austre side opp att till kraftstasjonen og Birtedalsvegen. I tillegg til flora og naturtypar blei også fuglelivet registrert med bruk av kikkert og identifisering av fuglelåtar. Vassdragstilknytte kulturminne blei registrert med GPS.


4 Resultat

4.1 Kunnskapsstatus


Vassdraget ned til Nesvatn er varig verna mot kraftutbygging i verneplan III (1986). Som grunnlag for vernet er det nemnt delvis urørt natur, elvar og vatn som viktig del av landskapet, viktige friluftsinnteresser og store kulturminneverdiar (www.nve.no). I NOU 1983:42 er det gitt ein generell omtale av objekt 51 Området vest for Fyresvatn. Kraftpotensialet er her rekna til 0 GWh.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller artar i Naturbase eller Artskart. Skogbruksplanen er frå 2009. Det er ikkje funne rik bakkevegetasjon, eldre lauvsuksesjon eller andre viktige livsmiljø i skog. Vassdraget er sterkt påverka av sur nedbør og det finst rikeleg med vasskjemiske data som dokumenterer forsuringsutvikling og førekomst av fisk.

Søraust for Brutjønn er det funne 3 kolgroper. Gropene har tydelege vollar og det finst restar av kol i dei.



Figur 8. Kartet viser del av verneplan for vassdrag objekt 019/4 Vest for Fyresvatn (skravor). Verna kulturminne er også med. Frå www.naturbase.no



Figur 9. Hogstklassefordeling. Frå www.kilden.skogoglandskap.no. Raudt er gammal skog, brunt er eldre skog og grønt er yngre skog. Skog med brun farge nedanfor Birtedalsvegen er nå hoggen.

4.2 Naturgrunnlaget

4.2.1 Klima


Birtedalen ligg i mellomboreal og nordboreal vegetasjonssone, klart oseanisk seksjon (Moen 1998). Den gjennomsnittlege årsnedbøren er i overkant av 1000 mm. Birtedalen er kjent for å ha mykje snø om vinteren.

4.2.2 Berggrunn

Berggrunnen i området er består av gneis (<http://geo.ngu.no/kart/arealisNGU/>). Der er mykje svaberg.

4.2.3 Kvartærgeologi

Forutan mykje bart fjell har området morenemassar av varierende tjukkeleik.



Figur 10. Kvartærgeologisk kart. Frå <http://geo.ngu.no/kart/arealisNGU/>.

4.2.4 Landskap

Området tilhører landskapsregion 5.5 Skog og heibygdene på Sørlandet og i Telemark (Puschmann 2005). Landskapet er kjenneteikna av blandingsskog, fleire små og veldefinerte landskapsrom og mange mindre og ofte avsidesliggende gardsbruk.

Elva nedanfor Birtedalsvegen renn relativt roleg, med ein del mindre stryk og fleire rolegare loner. Nedanfor Brutjønn er det eit par fossar. Fleire stader deler elva seg i fleire løp. Nede ved Sandane der kraftstasjonen er tenkt bygd vidar landskapsromet seg ut mot Tovsløytjønn. Den dominerande eksposisjonen er sørvendt og austvendt. Landskapet er roleg og utan dramatiske landskapselement.



Figur 11. Frå åa etter samløpet med Tovslåne. Legg merke til det kvite belegget av kiselalgar på fjellet.



Figur 12. Området der elvane møtast



Figur 13. Tverråne nedanfor Birtedalsvegen.

4.2.5 Hydrologi

4.2.6 Kunstig påverknad

Gjøv kraftverk blei sett i drift i 2006 i den gamle stasjonsbygningen til Birtedalen kraftverk. Kraftverket har ein installasjon på 0.095 MW og utnyttar fallet på 22 m frå Brutjønn. Rørgata til det gamle kraftverket er demontert og frakta vekk og det er bare fundamentet som står att. Kraftstasjonen blei bygd i 1957 og var i drift fram til ca 1972. Dei siste åra var det VTK som hadde stasjonen.

Ved Brutjønn er det nokre hytter og på nedsida av Birtedalen på ein haug mellom åa og den planlagde rørgata er det eit hyttefelt med ca 10 tomter. Av vegar har ein Birtedalsvegen, vegar til hyttene ved nedre del av Brutjønn og til hyttene i Tverråne hyttefelt. To 22 kV kraftliner kryssar også influensområdet.

På austsida av Tverråne og sør for Tverråne hyttefelt er det nyleg hogge ei snauflete. Drifta har vore fullmekanisert og med til dels kraftige kjørespor.



Figur 14. Gjøv kraftstasjon med rørgate.



Figur 15. Dammen i Brutjønn.

4.3 Raudlisteartar

Med bakgrunn i erfaringane frå Bekkekløftprosjektet kom Evju med fleire (2011) fram til at mengde død ved, fossesprut, skog og bergveggar med basiske og lett forvitrelege bergartar gav størst sjanse for førekomst av raudlisteartar. Skogen i influensområdet er prega av intensivt skogbruk. Bergarten er kalkfattig og forvittrar seint. Det er ingen tydelege bergveggar. Vilkåra for raudlista mose- og lavartar synes derfor ikkje å vera spesielt gode.

Under feltarbeidet blei det registrert strandsnipe, som i raudlista frå 2010 hadde status som nær truga (NT) på grunn av sterk bestandsnedgang (Kålås mfl. 2010). I den nye raudlista (Henriksen og Hilmo 2015) er strandsnipa igjen plassert i kategori LC (least concern). Potensialet for fleire funn av truga, nær truga og sårbare artar er vurdert som dårleg.

4.4 Terrestrisk miljø

4.4.1 Verdifulle naturtypar

Elveløp er i raudlista for naturtypar (Lindgaard og Henriksen 2011) ført opp som nær truga (NT). Det er elles ikkje funne spesifikke naturtypar som skal registrerast etter DN handbok 13.

4.4.2 Karplantar, mosar og lav

Sjøelve elva er prega av snø- og isskuring og er temmeleg rein for mosar og annan vegetasjon. Det er i staden grønalgar som dominerer. Berg og steinar som blir periodevis tørrlagt har eit karakteristisk kvitt lag av kiselalgen *Tabellaria flocculosa*, som er ein karakterart for sure vassførekomstar. Den dominerande vegetasjonstypen i skogen langs elva er røsslyngskinntrytefuruskog. På litt friskare mark finst også noko blåbærgranskog.

Mykje av skogen er i eit tidleg suksesjonstrinn med innslag av bjørk. Langs Tverråne nedanfor Birtedalsvegen er det ei ny snauflete. Nede ved elva er vegetasjonen dominert av blåtopp, bjønnskjegg, rome, stolpestorr og hengeveng. På stader med friskt sigevatn finst innslag av liljekonvall, kvitbladtistel, bleikstorr, skogstorkenebb og skogfiol.

Vegetasjonen er representativ for naturen i området.

4.4.3 Fuglar og pattedyr

Det er ikkje lagt spesiell vekt på registrering av fuglar og pattedyr. Det blei likevel notert nokre artar: Måltrost, raudvengtrost (med ungar), lauvsongar, bokfink, svart-kvit flugesnappar, raudstrupe, linerle, jernspurv, raudstjert, flaggspett, strandsnipe og fossefall. Faunaen er representativ for området og liknar den som er registrert av Helge Kiland gjennom TOV-E prosjektet i ei rute litt lenger søraust i kanten av Breiviksheia mot Fyresvatn (Kålås mfl. 2014).

Det blei sett og høyrte 3 fossefallar, ein nede ved Sandane (i kraftstasjonsområdet), ein noko nedanfor åmøtet og ein i Tverråne nedanfor Birtedalsvegen. Eit fossefallrevir er sjeldan under 1,5 – 1 km langt (Øigarden 2014). Elvestrekningen som blir påverka av Nye Gjøv kraftverk er ca 1600 m lang. Fossefallet held seg vanlegvis strengt innanfor revirgrensene, men det kan godt hende at eit par av fuglane var i utkanten av sitt område da dei blei registrert.

4.5 Akvatisk miljø

Det akvatiske miljøet blei ikkje spesielt undersøkt i denne omgangen. Vassprøver i Brutjønn sommaren 1977 viste ein pH på mellom 4,82 og 5,02 og eit sulfatinnhald på rundt 3 mg/l. På 21 garnnetter med bruk av SNSF-serien (moskevidder frå 10 til 46 mm) blei det fanga 11 fiskar fordelt på 2 årsklassar (Kiland 1978). I 2004 utførte Birtedalen fiskelag prøvefiske i Tovsløytjønn og fekk 99 aurar og 3 bekkeryer på ein utvida Jensenserie. Fiskebestanden var tydeleg altfor tett, og fisken stagnerte i vekst ved 5 års alder og ei lengde på ca 20 cm (Kiland 2004). Frå tidleg på 1990-talet har fleire av vatna i Birtedalen vore kalka.


Sidan 2009 har kalkingsinnsatsen blitt sterkt redusert og er nå avgrensa til Sandvatn og Birtevatn (Fylkesmannen i Telemark 2013). Undersøkingar etter 5 år utan kalking viste at fiskebestandane i Grodvatn og Berghyl hadde greidd seg godt sjølv om vatna var blitt surare

(Kiland og Libjå 2009). PH-målingar 16.10.2013 og 10.4.2014 viste ein verdi på 5,6 i utløpet av vatnet (www.vannmiljo.no).

Det blei under feltarbeidet 16. juni observert fisk (aure) fleire stader i åa mellom Sandane og møtet med Tovslåne. Det finst ikkje elvemusling, ål, anadrome artar eller populasjonar av storaure i denne delen av Telemark. I Brutjønn er det bare registrert vanleg aure.

4.6 Samla verdi


Det er bare funne vanlege artar. Ingen sjeldne eller truga artar er påvist. Tabell 1 for verdisetjing gjev derfor elva liten verdi for biologisk mangfald.



Sjøelve elveløpet er etter Norsk raudliste for naturtypar rekna som nær truga (Lindgaard og Henriksen 2011). Det er elles ingen delar av influensområdet som peikar seg ut med større verdi enn andre delar.

4.7 Kulturminne

Dei kulturminna som er registrert under feltarbeidet er alle etter fløyting av tømmer. Det er skådammar av ulike slag som er bygd for å syte for at tømmeret ikkje køyrde seg fast i elva. Nokre av dammane er bygde av kila steinblokkar, medan andre er bygde av stein som er teke frå elva. Enkelte stader har det vore bruka stokkar bolta fast i fjellet for å leide tømmeret på rett veg.



Figur 16. Ulike typar skådammar og leidegjerde for tømmer i Tovslåne nedanfor møtet med Tverråne.

5 Verknader av tiltaket

5.1 Omfang og konsekvens

Utbygginga vil nytte seg av eksisterande dam og inntak i Brutjønn. Omfanget av utbygginga avgrensar seg derfor til ny veg ned til Sandane, kraftstasjon og trasé for rørgate. Jordkabelen frå kraftstasjonen vil ligge i rørgata, som i mykje av traseen må sprengast ned i fjellet.

5.1.1 Vassføring


Fordi vassdraget er varig verna mot kraftutbygging og det ikkje er tillate med meir enn minikraftverk, vil 52 % av vatnet i Tverråne bli i elva som før. Etter møtet med Tovslåne vil elva ha ei restvassføring på omkring 2,45 m³/s i middel like ovanfor kraftstasjonen. Det er nær 73 % av naturleg uregulert middelvassføring.

5.1.2 Biologisk mangfald


Influensområdet er dominert av fattige vegetasjonstypar. Skogen er ung og utan særleg gamle tre. Området er i tillegg sørvendt og tørt. Tidlegare forsøringsproblem og svært kalkfattig vatn pregar livet i elva. Den nær truga arten strandsnipe er vanleg i området. Truga og sårbare artar er elles ikkje påvist. Det er registrert fossefall 3 stader på den aktuelle elvestrekningen. Fossefallet er ein vanleg art, men sårbar for vasskraftutbygging. Fuglen plasserer gjerne reiret under fossefall og i bergveggar nær vatnet som vern mot predatorar. Det er finst mange døme på avbøtande tiltak som kan by fossefallet på alternative reirplassar.

Det er ikkje påvist naturtypar som skal registrerast etter DN sine handbøker. Aktuelle inngrep som følgje av utbyggingsplanane vil fyrst og fremst gå ut over enkelte fuktkrevjande artar og artar som lever i vatn. Verknaden på terrestriske artar vil avgrense seg til den aktuelle rørgatetraseen under anleggsperioden. Det er ikkje påvist artar som vil vera særleg sårbare overfor den typen inngrep.

Samla sett er verdien for biologisk mangfald her vurdert som under middels.



Redusert vassføring vil gi dårlegare vilkår for fisk i den delen av elva som blir regulert. Den viktigaste delen er den nedanfor møtet med Tovslåne, med innslag av større kulpar og hølar. Her vil også restvassføringa vera størst. Omfanget av tiltaket er samla vurdert som lite/middels negativt for biologisk mangfald.




Det siste steget er å kombinere verdi og omfang for å få fram samla konsekvens av tiltaket. Dette gjev liten negativ konsekvens for biologisk mangfald (figur 12).

5.1.3 Kulturminne

Arkeologiske kulturminne synes ikkje å bli berørt av tiltaket. Det gjeld også nyare kulturminne frå tømmerfløyting, sjølv om vassføring utgjer ein viktig del av konteksten for slike kulturminne.

5.1.4 Oppsummering



Figur 17. Diagram for vurdering av konsekvens. Etter handbok 140, Statens vegvesen 2006.

Generelt om situasjonen og eigenskapar og kvalitet		i) Vurdering av verdi
Den planlagde utbygginga vil erstatte Gjøv kraftverk med eit minikraftverk som nyttar fallet frå Brutjønn til Tovsløytjønn. På grunn av at vassdraget er varig verna mot kraftutbygging vil installasjonen i kraftverket vera avgrensa til 0,99 MW.		Liten Middels Stor ----- ----- ▲
Datagrunnlag: Eiga synfaring gjennomført 16. juni 2015. Elles ein del data frå før på vasskjemi og fisk.		Middels godt datagrunnlag.
ii) Moglege verknader og konflikhtar		iii) Samla vurdering
Kraftverket vil nytte eksisterande inntak i Brutjønn. Nye inngrep i tillegg til kraftstasjon vil vera ei ca 800 m lang rørgate som må sprengast ned i fjell i store delar av traseen. Delar av rørgata vil seinare bli permanent veg ned til kraftstasjonen.	Middelvassføringa i Tverråne vil bli redusert med 48 % og i Tovslåne ned mot kraftstasjonen med nær 1/3. Omfang: Svært neg. Middels neg. Lite/ingen Middels pos. Svært pos. ----- ----- ----- ----- ----- ▲	Liten negativ konsekvens (-) for biologisk mangfald

6 Avbøtande tiltak

Det blir søkt om konsesjon for ei minstevassføring på 0,25 m³/s både sommar og vinter. Det er nær det dobbelte av alminneleg lågvassføring og 5-persentil lågvassføring. Det bør utførast landskapsmessige tiltak, men utover det er det ikkje framlegg om avbøtande tiltak for fisk eller anna biologisk mangfald. Det gjeld også tersklar, som vil ha liten positiv effekt og som også vil vera negativt for landskap og kulturminne.

7 Uvisse

I denne delen av Telemark er naturgrunnlaget skrint. Skogen er ikkje gammal og vegetasjonstypene er fattige. Potensialet for viktige funn er vurdert som lite. Vurderinga av verdi for biologisk mangfald er derfor nokså sikker. Det vil alltid knyte seg noko uvisse til hydrologiske data. Tilsig og avrenning vil mellom anna variere etter kva for 30-års periode som blir lagt til grunn.

Utbyggingsprosjektet er relativt avgrensa og oversiktleg. Verknad og omfang er derfor heller ikkje så vanskeleg å vurdere.



Figur 18. Den øvste fossen i Tverråne nedanfor Brutjønn

8 Kjelder

- Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper. Verdsetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2. utgave 2006, oppdatert 2007. www.dirnat.no.
- Evju, M., Hassel, K., Hagen, D., Erikstad, L. 2011. Småkraftverk og sjeldne moser og lav. Kunnskap og kunnskapsmangler. NINA-rapport 696, 33s.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. – NINA Temahefte 12: 1-279.
- Henriksen, S. og Hilmo, O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken Norge.
- Kiland, H. 1978. Aurebestandar i eit surt vassdrag i Birtedalen, Fyresdal kommune. Hovudoppgåve NLH, Ås.
- Kiland, H. 2004. Tynningsfiske i Fyresdal. Rapport frå prøvefiske i 2004. Faun rapport.
- Kiland, H. og Libjå, L.E. 2009. Prøvefiske i kalga vatn i Birtedalen, Fyresdal 2009. Faun rapport 057-2009.
- Korbøl, A., Kjelleveid, D., Selboe, O-K. 2009. Kartlegging og dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk (1-10 MW) – revidert utgave. NVE veileder 3/2009.
- Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red) 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Trondheim.
- Kålås, J. A., Husby, M., Nilsen, E. B. og Vang R. 2014. Bestandsvariasjoner for terrestriske fugler i Norge 1996 – 2013. NOF-rapport 4-2014. 36 s.
- Lindgaard, A. og Henriksen, S. (red) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.
- NIJOS 2005. Veiledning for registrering av kulturminner i utmark. www.skogoglandskap.no.
- NOU 1983:42 Verneplan 3 for vassdrag. www.nve.no.
- Puschmann, O. 2005. Nasjonalt referansesystem for landskap. Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner. NIJOS-rapport 10/2005.
- Statens vegvesen 2006. Håndbok-140 for konsekvensutredninger, del II a. Revidert utgave.
- Tveit, H. 2003. Viltkartlegging i Drangedal 2001-2003. Ikke til offentlig bruk. Rapport juni 2003. 13 s + vedlegg.
- Veum, L. 2011. Fyresdal skogeigarlag 100 år.
- Øigarden, T. 2014. Fossekallen. Norges nasjonalfagl. NOVUS forlag, Oslo.

Digitale kjelder

Artsdatabanken: www.artsdatabanken.no
Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>
Naturbase: www.naturbase.no
Berggrunn og lausmassar: www.arealis.no
Lokalitetsdatabase for skogområde: <http://borchbio.no/narin/>
Vann-nett: <http://vann-nett.nve.no/innsyn/>
Vassregistreringar: <http://vannmiljo.klif.no>
Nedbørfelt og hydrologi: www.nve.no
Meteorologisk Institutt: www.met.no
Landbruk: <http://kilden.skogoglandskap.no/>

Kontaktpersonar

Leiv Birger Tovslid, Birtedalen
Aslak Ofte, VTK

Vedlegg

Artsliste (ufullstendig) 16.6.2015

Vitskapleg namn	Norsk namn	Status
<i>Molinia caerulea</i>	Blåtopp	Alminneleg/dominant
<i>Trichophorum cespitosum</i>	Bjønnskjegg	Alminneleg/dominant
<i>Narthecium ossifragum</i>	Rome	Alminneleg/dominant
<i>Carex nigra</i>	Stolpestorr	Alminneleg/dominant
<i>Phegopteris connectilis</i>	Hengeveng	Småbregnegranskog
<i>Convallaria majalis</i>	Liljekonvall	I sørhelling, lågurtskog
<i>Cirsium heterophyllum</i>	Kvitblattistel	Fuktige, noko næringsrike sig
<i>Carex pallescens</i>	Bleikstorr	Lågurtskog
<i>Geranium sylvaticum</i>	Skogstorkenebb	Småbregnegranskog
<i>Viola riviniana</i>	Skogfiol	Lågurtskog
<i>Turdus philomelos</i>	Måltrost	Syngande i området
<i>Turdus iliacus</i>	Raudvengtrost	Syngande i området
<i>Troglodytes troglodytes</i>	Gjerdsmett	Syngande i området
<i>Phyloscopus trochilus</i>	Lauvsongar	Syngande i området
<i>Fringilla coelebs</i>	Bokfink	Syngande i området
<i>Ficedula hypoleuca</i>	Svartkvit flugesnappar	Syngande i området
<i>Erithacus rubecula</i>	Raudstrupe	Syngande i området
<i>Motacilla alba</i>	Linerle	På næringssøk, hekkar truleg
<i>Prunella modularis</i>	Jernspurv	Syngande i området
<i>Phoenicurus phoenicurus</i>	Raudstjert	Syngande i området
<i>Dendrocopos major</i>	Flaggspett	På næringssøk
<i>Actitis hypoleucos</i>	Strandsnipe	Observervert på næringssøk
<i>Cinclus cinclus</i>	Fossekall	Observervert 3 stader i elva

Vedlegg 4

Nye Gjøv kraftverk. Eignedomar og eigarar

Gnr/ Bnr	Eigar	H.o.h (m)	Høgde (m)	Av side	Av total	Avtale
Vestre/søndre side:						
16/1	Stein Helge Lassemo	603	26	38,8 %	19,4 %	Intensjonsavtale
16/20	Anna Birgitte og Jens Andreassen	577	13	19,4 %	9,7 %	Intensjonsavtale
16/10	Leiv Birger Tovslid	564	28	41,8 %	20,9 %	Intensjonsavtale
	<i>Tovsløytjønn</i>	536				
	Sum:		67	100,0 %	50,0 %	
Austre/nordre side:						
16/1	Stein Helge Lassemo	603	67	100,0 %	50,0 %	Intensjonsavtale
	<i>Tovsløytjønn</i>	536				
	Sum:		67	100,0 %	50,0 %	
					<u>100 %</u>	

Ad 3/5 = 17

Vest-Telemark Kraftlag AS

TEKNISK/ØKONOMISK VURDERING.

(Opplysninger i kursiv må tastast inn)

VTK prosjekt nr.

Kraftverkets navn: *Nye Gjøv 990 kW*

Kommune: *Fyresdal*

Kontaktperson:

Tlf:

TOPOGRAFISK/HYDROLOGISK GRUNNLAG

Inntaksdam	moh	<i>603</i>
Turbin	moh	<i>536</i>
Nedslagsfelt	km ²	<i>58,8</i>
Tilsig 30-60, NVE	l/s/km ²	
Tilsig 61-90, NVE	l/s/km ²	
Tilsig prosjektert	l/s/km ²	<i>34,00</i>
Rørdiameter (innvendig)	cm	<i>90</i>
ANDRE FØRESETNADER		
Totalverknadsgrad		<i>80,0 %</i>
Vasstap		<i>51,4 %</i>
Dimensjonerande slukeevne	faktor	<i>0,943</i>
BEREKNA STORLEIKAR		
Fallhøgde	m	67
Middeltilsig	l/s	1999
Slukeevne (max)	l/s	1885
Vasshastigheti rør (max)	m/s	2,96
Effekt generator (max)	kW	990
Årsproduksjon	GWh	<i>4,47</i>

A 29/5-17

Vest-Telemark Kraftlag AS

TEKNISK/ØKONOMISK VURDERING.

Kraftverkets navn: Nye Gjøv 990 kW

KRONER				
Kostnader (i 1000 kr), Prisnivå 2015:	eining	Mengde	Einingskost	Kostnad
<u>Bygg:</u>				
Dam, noko ombygging	STK	1	200 000	200 000
Inntakskonstruksjon, noko ombygging	STK	1	600 000	600 000
Kraftstasjon	STK	1	4 000 000	4 000 000
Rørgate nedsprenget (2 m djup) fjellgrøft	METER	800	3 260	2 608 000
Veg til kraftverk, langs rørtaséen frå FV 401.	METER	400	500	200 000
Sum bygg:				7 608 000
<u>Maskin/ Elektro:</u>				
Elmekpakke komplett	STK	1	5 940 000	5 940 000
Talje med løpekatt 6 tonn	STK	1	110 000	110 000
Rør (GRP-rør)	METER	800	2 125	1 700 000
-montasje 20 % tillegg	METER	800	468	374 000
Nettanlegg (tilkopling til VTK-nettet)	METER	700	700	490 000
Sum elektro og maskin:				8 614 000
Bygg, elektro og maskin (Prisnivå 2017):				16 222 000
Uforutsett			15 %	2 433 300
BYGGEKOSTNAD:				18 655 300
Utbyggingspris (kr/kWh år):				4,17

29/5-17



Vannforekomst: 019-545-R Dato: 29.05.2017

Vis sammendrag

Ufsvatn, regulert utløpselv

Risikovurdering

Risiko for miljømålet ikke nås innen 2021

Risiko

Tilstand

Pålitelighetsgrad

Klassifisering

Økologisk tilstand

Lav

Antatt moderat

Kjemisk tilstand

Ingen informasjon

Udefinert

Miljømål

Økologisk

Kjemisk

God

Udefinert

Unntak for miljømål: §9:Utsatt frist av tekniske årsaker

Forventet økologisk og
kjemisk tilstand
(naturlig)

2022-2027

2028-2033

Økologisk tilstand

Udefinert

Udefinert

Kjemisk tilstand

Udefinert

Udefinert



Hydrologisk og administrativ informasjon

Vannforekomstnavn	Ufsvatn, regulert utløpselv
VannforekomstID	019-545-R
Vannkategori	Elv
Vanntype	Middels, svært kalkfattig, klar (TOC2-5)
Lengde (km)	0,75
Areall av vannforekomstens nedbørfelt	0,00
Nedbørfelt	Ufsvatn, regulert utløpselv

Vannregionmyndighet	Agder
Vannregion	Agder
Vannområde	Nidelva
Fylker	Telemark
Kommuner	Fyresdal
Vassdragsområde	019
Lengdegrad	
Breddegrad	

Kvalitetselementer

	Tilstand	Gyldig parameter	Kommentar
Økologisk tilstand			
Kjemisk tilstand			

Påvirkninger			
	Påvirkningsgrad	Miljøeffekt av påvirkninger	Kommentar
Andre påvirkninger			
Biologisk påvirkning			
Forurensning			
Langtransportert forurensning			
Sur nedbør	Middels grad	Forsuring	
Fysiske inngrep			

Tiltak

Tiltak på vannforekomsten					
Tiltak ID	Tiltaksnavn	Utføres	Tiltakstype	Påvirkning	Unntak
5103-228-M	Tiltak mot sur nedbør		Internasjonale avtaler	Sur nedbør	(1)

Vanntype

Vanntypeinndeling	Verdi
Vanntype elv	Middels, svært kalkfattig, klar (TOC2-5)
VanntypeID	RSM2111
Nasjonal vanntype	13
Vannkategori	Elv
Økoregion	Sørlandet
Klimasone	Middels(200-800moh.)
Nedbørfelt i km²	Middels (10 - 100 km2)
Kalsium og alkalinitet	Svært kalkfattig (Ca < 1mg/l, Alk < 0.05 mekv/l)
Humus	Klare (< 30 mg P/L, TOC 2 - 5 mg/L)
Turbiditet	Klare (STS < 10 mg/L (uorganisk andel minst 80%))

Vite sammendrag

GEODATA





Kart

Faktaark vannforekomst

Faktaark område

Rapporter

Om vann-nett

Nyheter

Vannforekomst: 019-284-R Dato: 01.06.2017

Vis sammendrag

Birtevatn, utløpselv

Risikovurdering

Risiko for miljømålet ikke nås innen 2021

Risiko

Tilstand

Pålitelighetsgrad

Klassifisering

Økologisk tilstand

Lav

Antatt moderat

Kjemisk tilstand

Ingen informasjon

Udefinert

Miljømål

Økologisk

Kjemisk

God

Udefinert

Unntak for miljømål: §9: Utsatt frist av tekniske årsaker

Forventet økologisk og
kjemisk tilstand
(naturlig)

2022-2027

2028-2033

Økologisk tilstand


Udefinert

Udefinert

Kjemisk tilstand

Udefinert

Udefinert



Hydrologisk og administrativ informasjon

Vannforekomstnavn	Birtevatn, utløpselv
VannforekomstID	019-284-R
Vannkategori	Elv
Vanntype	Middels, svært kalkfattig, klar (TOC2-5)
Lengde (km)	4,34
Areal av vannforekomstens nedbørfelt	0.00
Nedbørsfelt	Birtevatn, utløpselv

Vannregionmyndighet	Agder
Vannregion	Agder
Vannområde	Nidelva
Fylker	Telemark
Kommuner	Fyresdal
Vassdragsområde	019
Lengdegrad	
Breddegrad	

Kvalitetselementer

	Tilstand	Gyldig parameter	Kommentar
Økologisk tilstand			
Kjemisk tilstand			

Påvirkninger

	Påvirkningsgrad	Miljøeffekt av påvirkninger	Kommentar
Andre påvirkninger			
Biologisk påvirkning			
Forurensning			
Langtransportert forurensning			
Sur nedbør	Middels grad	Forsuring	
Fysiske inngrep			

Tiltak

Tiltak på vannforekomsten

Tiltak ID	Tiltaksnavn	Utføres	Tiltakstype	Påvirkning	Unntak
5103-228-M	Tiltak mot sur nedbør	✓	internasjonale avtaler	Sur nedbør	(1)

Vanntype


Vanntypeinnndeling

	Verdi
Vanntype elv	Middels, svært kalkfattig, klar (TOC2-5)
VanntypeID	RSM2111
Nasjonal vanntype	13
Vannkategori	Elv
Økoregion	Sørlandet
Klimasone	Middels(200-800moh.)
Nedbørfelt i km²	Middels (10 - 100 km2)
Kalsium og alkalinitet	Svært kalkfattig (Ca < 1mg/l, Alk < 0.05 mekv/l)
Humus	Klare (< 30 mg Pt/L, TOC 2 - 5 mg/L)
Turbiditet	Klare (STS < 10 mg/L (uorganisk andel minst 80%))

Vis sammendrag

GEODATA





Aslak Ofte

Fra: Gunnar Snarteland
Sendt: 4. juli 2018 08:44
Til: Aslak Ofte
Emne: Uttale frå VTK: Kraftverk Nye Gjøv i Birtedalen.

Hei!

Linje Vestkanten som Gjøv kraftverk er kopla til, har i dag omsøkt og dagens produksjon til sammen 1,6MW. Men det er kun dagens Gjøv kraftverk (0,1MW) som er i drift. Slik situasjonen er nå vil det vera kapasitet til å utvide Gjøv kraftverk til 0,99MW. VTK har ikkje motteke tinging av nett tilkopling frå ander kraftverk her. Viser forøvrig til e-post av 10.10.2016 til Brit Torill Haugen(NVE).

Med Vennleg Helsing

Vest-Telemark Kraftlag AS
Gunnar Snarteland
Nettsjef/Driftsleiar

Mobiltlf.: 970 78 008
Tlf.: 35 07 57 38
Email: gunnar.snarteland@vtk.no
Internett: <http://www.vtk.no>

Post- og besøksadresse:
Høydalsmovegen 815
3891 Høydalsmo

Fra: Aslak Ofte
Sendt: 28. juni 2018 15:21
Til: Gunnar Snarteland <gunnar.snarteland@vtk.no>
Emne: Kraftverk Nye Gjøv i Birtedalen.

Hei.

Han eg få ei stadfesting på at VTK kan ta imot 0,99 MW frå Nye Gjøv Kraftverk?
Eg treng det i samband med revidert konsesjonssøknad for Nye Gjøv.

Aslak Ofte
Tlf. 35 07 57 12
Mob.tlf. 957 87 600
[Mailto:ao@vtk.no](mailto:ao@vtk.no)
www.vtk.no

